

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Med heimel i forskrift av 19. juli 2001 nr. 1706 om Delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven § 9, jamfør lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9.

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å hindre forureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar, inkludert vedomnar/peisar.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunegrensene. Forskrifta skal ikkje avgrense virkeområdet for tilgrensande lover og forskrifter, til dømes *brann- og eksplosjonsvernloven* med tilhøyrande forskrifter og *forskrift om miljørettet helsevern*.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a) *Open brenning*: all brenning som skjer utandørs.
- b) *Småomnar*: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå SFT eller Fylkesmannen eller er godkjent brukt etter statlige forskrifter etter forureiningslova.
- c) *Reint trevirke*: trevirke som er ubehandla, ikkje malt, beisa, trykkimpregnert eller liknande.

§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, med mindre anna følgjer av § 5 i forskrifta.

§ 5. Unntak frå forbodet

Følgjande brenning skal likevel vere tillate:

- a) Open brenning med kull og ved på grillanretningar, utepeisar og kaffibål.
- b) Brenning av papir til opptenning og reint trevirke i vedomn/peis.
- c) Sankthansbål av reint trevirke. Bålplass skal meldast inn til brannvesenet. Bålområdet skal ryddast etter bruk.
- d) Greiner etter trefelling og liknande på øyer/holmar utan vegforbindelse.

§ 6. Dispensasjon

Kommunens forureiningsmyndighet kan i særlige høve dispensere frå forbodet i § 4 etter søknad.

§ 7. Tilsyn

Kommunens forureiningsmyndighet fører tilsyn med at føresegnene i denne forskrifta blir etterlevd, j.f. Forurensningsloven § 48.

§ 8. Klage

Vedtak etter denne forskrifta kan klagast på etter reglene i forvaltningsloven § 28, 2. ledd. Fylkesmannen er klageinstans.

§ 9. Straff

Brot på forskrifta kan medføre straffeansvar jf. forureiningslova § 78.

§ 10. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.01.2020.

Samstundes blir disse forskriftene oppheva:

- Forskrift om åpen brenning og brenning av avfall i småovner, Ålesund kommune, Møre og Romsdal, 7. april 2011 nr. 382
- Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Sandøy kommune, Møre og Romsdal, 31. august 2011 nr. 909